



## **Møte i Studentparlamentet**

nr 7/20-21

Onsdag 28. april 2021

Strøm auditorium (men mulighet for å delta via zoom)

Kl 16.30-19.30

## Dagsorden

Sak 62 – 20/21:	Opprop og val av møteleiing .....	3
Sak 63 – 20/21:	Godkjenning av innkalling og sakliste .....	3
Sak 64 – 20/21:	Godkjenning av referat.....	4
Sak 65 – 20/21:	Orienteringar .....	4
Sak 66 – 20/21:	Revidering av vedtektene til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda .....	5
Sak 67 – 20/21:	Revidering av valreglementet til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda .....	6
Pause 10 min .....		6
Sak 68 – 20/21:	Val av Leiar til AU.....	7
Sak 69 – 20/21:	Val av Fagansvarleg i AU.....	8
Sak 70 – 20/21:	Val av Informasjonsansvarleg i AU .....	9
Sak 71 – 20/21:	Val av Internasjonal ansvarleg i AU .....	10
Sak 72 – 20/21:	Val av Velferdsansvarleg i AU .....	12
Sak 73 – 20/21:	Val av Kontrollkomiteen for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda .....	13
Sak 74 – 20/21:	Val av Nestleiar i AU .....	14
Sak 75 – 20/21:	Val av 2. og 3. vara til styret i SiVolda.....	15
Sak 76 – 20/21:	Eventuelt.....	16

## Sak 62 – 20/21: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Trym Nikolas Rimmen

### Namneopprop

Ordstyrar får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om vi er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

#### Forslag til vedtak

- Trym Nikolas Rimmen vert vald til ordstyrar
- Paloma Lorenzale Alonso og Marit Aklestad vert valde til teljekorps.
- Marit Aklestad blir vald til referent

## Sak 63 – 20/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar

### Godkjenning av møteinnkalling

#### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

### Godkjenning av saksliste

Eventuelle merknadar eller endringar av sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

**Forslag til vedtak:** Studentparlamentet vedtek oppsett saksliste:

		<b>Dagsorden for studentparlamentsmøte 28.04.21</b>		
16.30	62	Opprop og val av møteleiing	V	Trym
	63	Godkjenning av innkalling og saksliste	V	Trym
	64	Godkjenning av referat	V	Trym
16.40	65	Orienteringar	O	Trym
17.00	66	Vedtektsendringar	V	Trym
	67	Endringar i valreglementet	V	Trym
18.10		Pause 10 min		
18.20	68	Val av leiar til AU	V	Trym
	69	Val av fagansvarleg til AU	V	Trond-Fredrik
	70	Val av informasjonsansvarleg til AU	V	Anna
	71	Val av internasjonalt ansvarleg til AU	V	Paloma
	72	Val av velferdsansvarleg til AU	V	Arnaud

	73	Val av kontrollkomite	V	Anna
		Pause 15 min		
	74	Val av nestleiar	V	Trym
	75	Val av 2. og 3. vara til styret i SiVolda	V	Paloma
19.20	76	Eventuelt		Trym
		Møtekritikk		
19.30		Møteslutt		

\*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker

## Sak 64 – 20/21: Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar  
Vedlegg: Vedlegg 1 – referat frå møte i Studentparlamentet 24.03.21

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 24.03.21

## Sak 65 – 20/21: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak  
Saksframleggar: Trym Nikolas Rimmen

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Samarbeidsavtalen
- Tillitsvaldordninga
- Deltaking på Landsmøtet til NSO
- Deltaking på SAIH sitt landsmøte

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde:

- Velferdsgruppa
- Andre?

## Sak 66 – 20/21: Revidering av vedtektene til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Trym Rimmen
Vedlegg:	Vedlegg 2 – Vedtekter for Studentparlamentet Vedlegg 4 – innkomne endringsforslag til vedtekter og valreglement

---

Årshjulet til Studentparlament ved Høgskulen i Volda legg opp til at vedtektene til organisasjonane skal opnast for revidering kvart år. Dette studieåret har AU hatt ein litt meir omfattande gjennomgang av vedtektene, grunna til dømes forhandlinga knytt til ny samarbeidsavtale med HVO. AU sitt arbeid har resultert i ein del endringsforslag knytt til vedtektene og valreglement.

I arbeidet har ingen medlemer i AU tatt ut nokre dissensar, men ein er sendt inn frå Parlamentet. Dissensen er lagt inn i Vedlegg 2 der eksisterande endringsforslag er satt opp.

Det er ikkje høve til å fremje nye endringsforslag undervegs i debatten, berre justeringar av dei forslaga som er fremja og innstilt på. Desse må sendast skriftleg til ordstyrar før det vert sett strek i debatten. Gjer ein dette vil ein verte satt opp for innlegg og ein vil då få høve til å argumentere for forslaget sitt.

Dei endringsforslaga som AU har markert med rosa, er innstilt å vedta samla. Dersom ein ynskjer at nokon av dei skal opp til votering enkeltvis, må ein be om det i møtet. Forslaget blir då stemt over.

Endringar i vedtektene krev 2/3 fleirtal av parlamentet.

Vi kjem til å presentere og diskutere endringsforslaga til både vedtektene og valreglementet samstundes, men gjer vedtak knytt til dokumenta kvar for seg i tur og orden. Endringane til dokumenta vil tiltre i det augneblinken ein har bestemt å lukke vedtektene med eventuelle endringar fatta av Parlamentet.

### Forslag til vedtak:

1. Studentparlamentet opnar vedtektene sine for endringar. Gjeldande vedtekter ligg til grunn for endringsforslag og debatt.
2. Studentparlamentet tek endringsforslaga som AU har innstilt på opp til votering.
3. Studentparlamentet lukker vedtektene med dei endringane som er gjort.

## **Sak 67 – 20/21: Revidering av valreglementet til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda**

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Trym Rimmen
Vedlegg:	Vedlegg 3 – Valreglement for Studentparlamentet Vedlegg 4 – innkomne endringsforslag til vedtekter og valreglement

---

Saman med revidering av vedtektene, er det naturleg å samtidig sjå på endringar i valreglementet, som styrer korleis Studentparlamentet sine organ vert valde.

AU har arbeidd seg igjennom gjeldande valreglement og lagt fram si innstilling til endringar. Sjå vedlegg 3.

Det er ikkje høve til å kome med *nye* endringsforslag undervegs i debatten, men justeringar av dei forslaga som er fremja og innstilt på kan gjerast. Desse må då sendast skriftleg til ordstyrar før det vert sett strek i diskusjonen.

Dei endringsforslaga som AU har markert med rosa, er innstilt å vedta samla. Dersom ein ynskjer at nokon av dei skal opp til votering enkeltvis, må ein be om det i møtet. Forslaget blir då stemt over.

Endringar i valreglementet krev 2/3 fleirtal i parlamentet.

Forslag til vedtak:

1. Studentparlamentet opnar valreglementet for endringar. Gjeldande reglement ligg til grunn for diskusjon og debatt.
  2. Studentparlamentet tek endringaforslaga som AU har innstilt på opp til votering
  3. Studentparlamentet lukker valreglementet med dei endringane som er gjort.
- 

**Pause 10 min**

---

## Sak 68 – 20/21: Val av Leiar til AU

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Trym Rimmen  
Vedlegg: Vedlegg 5 – stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet

---

Leiar for arbeidsutvalet til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er ein av fem valte representantar som utfører den dagleg drifta av Studentparlamentet si verksemd. Stundeparlamentet skal her velje ein ny leiar for kommande periode (01.05.2021 til 31.05.2022).

Ein får 2 min taletid til å presentere seg sjølv. Når alle som har stilt har presentert seg, opnar vi for spørsmål til gruppa og kvar enkelt kandidat. Deretter går vi til urneval gjennom Google survey, som vert sendt på epost til dei i studentparlamentet som har stemmerett. Vi ber om at dei som ønskjer å stille, melder seg.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som kvar innehavar stilinga frå 01.05.2020 til 31.05.2021. Gjennom denne perioden skal dei saman som team fremje og arbeide for studentars rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Internt vel dei det nye arbeidsutvalet nestleiar, som fungerer som stedfortredar i leiars fråvær.

Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2021 til 31.05.2021, ettersom ein i denne perioden overlappar kvarandre. Det skal også verte gjort tilgjengeleg ein skriftleg rapport om vervet med innhald om kva arbeidsoppgåver innehavar og viktige kontaktpersonar.

Som leiar av Studentparlamentet skal du leie og halde orden på studentpolitikken, som vert fremma ved Høgskulen i Volda. Dette er ei kjempegivande oppgåve, som ein tek på seg for alle studentane ved institusjonen.

Ein er tilsett i ei 50% stilling, og bør og må derfor medrekna å nytte 20 timar i veka på dette vervet. Arbeidsoppgåver varierar mykje i omfang, men dei vanlegaste oppgåvene vert gjort i møter med leiinga, arbeidsutvalet til studentparlamentet, velferdsytarar og nasjonale organisasjonar ein samarbeiar med for å fremje saker som påverkar studentane ved institusjonen.

Ein blir fast representant i tilsetjingsutvalet (TUFO) i perioden som leiar.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: tolmod, lyttande, raus, samarbeidsevner, kunne ta kritikk, stor arbeidskapasitet, og gode rolleforståingar.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein leiar av arbeidsutvalet til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for perioden 01.05.2021-31.05.2022

## Sak 69 – 20/21: Val av Fagansvarleg i AU

Type sak: Vedtak  
Saksframleggar: Trond-Fredrik  
Vedlegg: Vedlegg 5 – stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet

---

Fagansvarleg i Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er ein av fem valte representantar, som utfører den daglege drifta av Studentparlamentet.

Stundeparlamentet skal her velje ein fagansvarleg for kommande periode (01.05.2021 til 31.05.2022).

Ein får 2 min taletid til å presentere seg sjølv. Når alle som har stilt har presentert seg, opnar vi for spørsmål til gruppa og kvar enkelt kandidat. Deretter går vi til urneval gjennom Google survey, som vert sendt på epost til dei i studentparlamentet som har stemmerett. Vi ber om at dei som ønskjer å stille, melder seg.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som kvar innehar stillinga frå 01.05.2021 til 31.05.2022. Gjennom denne perioden skal dei saman som team fremje og arbeide for studentars rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Internt vel dei det nye arbeidsutvalet nestleiar, som fungerer som stedfortredar i leiars fråvær.

Ny valde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2021 til 31.05.2021, ettersom ein i denne perioden overlappar kvarandre. Det skal også verte gjort tilgjengeleg ein skriftleg rapport om vervet med innhald om kva arbeidsoppgåver ein har og viktige kontaktpersonar.

Som fagansvarlig tek ein del i den daglege driften av Studentparlamentet, og koordinerer arbeidet med de studenttillitsvalgte på skulen. Ein tek imot klager, hjelper med tolking av lovverk og retningslinjer, og bistar studentar i klagesaker og representerer Høgskulen utad. Ein blir også fast representant i utdanningsutvalet og forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda. I tillegg til å vere ein del av utdanningsutvalet og forskingsutvalte, Relevante eigenskapar ein bør inneha er: rolleforståing, gode dialogferdigheiter, interesse for fagleg aspekt og kvalitet i høgare utdanning.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein fagansvarleg i AU til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for perioden 01.05.2021-31.05.2022



## Sak 70 – 20/21: Val av Informasjonsansvarleg i AU

Type sak: Vedtak  
Saksframleggar: Anna  
Vedlegg: Vedlegg 5 – stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet

---

Informasjonsansvarleg i Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er ein av fem valte representantar som utfører den daglege drifta av Studentparlamentet. Studentparlamentet skal her velje ein fagansvarleg for komande periode (01.05.2021-31.05.2022).

Ein får 2 min taletid til å presentere seg sjølv. Når alle som har stilt har presentert seg, opnar vi for spørsmål til gruppa og kvar enkelt kandidat. Deretter går vi til urneval gjennom Google Survey, som vert sendt på e-post til dei i Studentparlamentet som har stemmerett.

Vi ber om at dei som ønskjer å stille, melder seg.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valde representantar som kvar innehar stillinga frå 01.05.2021-31.05.2022. Gjennom denne perioden skal dei saman som team fremje og arbeide for studentane sine rettar og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Internt vel det nye AU nestleiar, som fungerer som stedfortreder i leiars fråvær.

Nyvalde medlemmar får opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2021-31.05.2021, ettersom ein i denne perioden overlappar kvarandre. Det skal også verte gjort tilgjengeleg ein skriftleg rapport om vervet med innhald om kva arbeidsoppgåver ein har og viktige kontaktpersonar.

Informasjonsansvarleg syter for at sosiale medier er oppdatert og at det vert produsert informasjon og promoteringsmateriell for Parlamentet.

Ein vert fast medlem i valstyret ved Høgskulen i Volda.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: gode kommunikasjonsferdigheiter, interesse for promotering, kjennskap til relevante programvarer og rolleforståing.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet ved ein fagansvarleg i AU til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for perioden 01.05.2021-31.05.2022.

---

## Sak 71 – 20/21: Val av Internasjonal ansvarleg i AU

Type sak:	Vedtak
Saksframleggar:	Paloma
Vedlegg:	Vedlegg 5 – stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet

---

Internasjonalt ansvarleg i Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er ein av fem valte representantar som utfører den daglege drifta av Studentparlamentet.

Stundeparlamentet skal her velje ein Internasjonalt ansvarleg for kommande periode (01.05.2021 til 31.05.2022).

Ein får 2 min taletid til å presentere seg sjølv. Når alle som har stilt har presentert seg, opnar vi for spørsmål til gruppa og kvar enkelt kandidat. Deretter går vi til urneval gjennom Google survey, som vert sendt på epost til dei i studentparlamentet som har stemmerett.

Vi ber om at dei som ønskjer å stille, melder seg.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som kvar innehar stillinga frå 01.05.2021 til 31.05.2022. Gjennom denne perioden skal dei saman som team fremje og arbeide for studentars rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Internt vel dei det nye arbeidsutvalet nestleiar, som fungerer som stedfortredar i leiars fråvær.

Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2021 til 31.05.2021, ettersom ein i denne perioden overlappar kvarandre. Det skal også verte gjort tilgjengeleg ein skriftleg rapport om vervet med innhald om arbeidsoppgåver og viktige kontaktpersonar.

Som internasjonal ansvarleg skal ein samarbeide tett med Panigaia, Internasjonalt kontor, resten av arbeidsutvalet og andre relevante organisasjonar som arbeidar for innkulering og betre moglegheiter for internasjonale studentar. Om ein tek på seg denne rolla vil ein vere ein del Høgskulen i Volda sin internasjonaliseringsprosess. Dette er eit frivillig verv og vert honorert etter avtalar mellom studentparlamentet og leiinga ved Høgskulen i Volda. Arbeidsoppgåver varierar mykje i form og omfang, men dei vanlegaste oppgåvene vert gjort gjennom kontinuerleg dialog med Pangia og internasjonalt kontor, arbeidsutvalet til studentparlamentet, og organisasjonar ein samarbeidar med for å fremje saker som påverkar internasjonalisering.

Ein blir også fast representant i internasjonalt utval ved Høgskulen i Volda i denne perioden.

Relevante eigenskapar ein bør inneha er: rolleforståing, gode dialogferdigheiter, språkkunnskapar og interesse for internasjonalisering.

**Forslag til vedtak:**

Studentparlamentet vel ein internasjonal ansvarleg i AU til studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for perioden 01.05.2021-31.05.2022

---

## Sak 72 – 20/21: Val av Velferdsansvarleg i AU

Type sak:	Vedtak
Saksframleggar:	Arnaud
Vedlegg:	Vedlegg 5 – stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet

---

Velferdsansvarleg i Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er ein av fem valte representantar som utfører den dagleg drifta av Studentparlamentet. Stundeparlamentet skal her velje ein velferdsansvarleg for kommande periode (01.05.2021 til 31.05.2022).

Ein får 2 min taletid til å presentere seg sjølv. Når alle som har stilt har presentert seg, opnar vi for spørsmål til gruppa og kvar enkelt kandidat. Etter går vi til urneval gjennom Google survey, som vert sendt på epost til dei i Studentparlamentet som har stemmerett. Vi ber om at dei som ønskjer å stille, melder seg.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som kvar innehar stillinga frå 01.05.2021 til 31.05.2022. Gjennom denne perioden skal dei saman som team fremje og arbeide for studentars rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Internt vel dei det nye arbeidsutvalet nestleiar, som fungerer som stedfortredar i leiars fråvær.

Ny valde medlemmar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2021 til 31.05.2021, ettersom ein i denne perioden overlappar kvarandre. Det skal også verte gjort tilgjengeleg ein skriftleg rapport om vervet med innhald om kva arbeidsoppgåver ein har og viktige kontaktpersonar.

Som velferdsansvarleg har ein ein gylden moglegheit til å bidra til studentane sin trivsel, og samtidig få et innblikk i velferd for studentar. Ettersom Studentparlamentet er en paraplyorganisasjon for alle dei frivillige studentorganisasjonane ved Høgskulen i Volda, skal du som velferdsansvarleg jobbe tett med disse organisasjonane for å forbetre det psykososiale miljøet på campus.

Som velferdsansvarleg samarbeidar du om å arrangere mange spennande hendingar i samarbeid med studenthumanisten, biblioteket, arbeidsgruppa Hjerneföör og Studentsamskipnaden ved Høgskulen i Volda. I perioden sit ein som fast representant i læringsmiljøutvalet (LMU) ved Høgskulen i Volda. Relevante eigenskapar ein bør inneha er: rolleforståing, gode samarbeidsevner og interesse for studentvelferd.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein velferdsansvarleg i arbeidsutvalet til studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for perioden 01.05.2021-31.05.2022

## **Sak 73 – 20/21: Val av Kontrollkomiteen for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda**

Type sak:	Vedtak
Saksframleggar:	Anna
Vedlegg:	Vedlegg 5 – Stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet

---

Kontrollkomiteén består av opp til 3 personar som skal sørge for at verksemda til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda og arbeidsutvalet er i tråd med styringsdokumenta. Ein bistår også ved val, som verte gjennomført på møta til Studentparlamentet.

Stundeparlamentet skal her velje opp til 3 personar til kontrollkomiteen for komande peridoe (01.05.2021 til 31.05.2022).

Ein får 2 min taletid til å presentere seg sjølv. Når alle som har stilt har presentert seg, opnar vi for spørsmål til gruppa og kvar enkelt kandidat. Deretter går vi til urneval gjennom Google survey, som vert sendt på epost til dei i studentparlamentet som innehar stemmerett.

Vi ber om at dei som ønskjer å stille, melder seg.

### **Bakgrunn:**

Vist det endringsforslag 23 i vedtektsendringar vert stemt gjennom faller denne saka frå dagsordenen, ettersom ein ikkje kan velje nokon til verv som ikkje lenger eksisterer.

### **Forslag til vedtak:**

Studentparlamentet vel opp til 3 medlemmer til kontrollkomiteen til studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for perioden 01.05.2021-31.05.2022

---

## **Pause 15 min.**

I dette tidsrommet vil dei nyvalde medlemmane av AU bes om ta føre seg ein intern dialog om nestleiar vervet, som skal opp til votering etter pausa.

---

## Sak 74 – 20/21: Val av Nestleiar i AU

Type sak:	Vedtak
Saksframleggar:	Anna
Vedlegg:	Vedlegg 5 – Stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet

---

Om endringsforslag 17 til vedtektene vert stemt gjennom, vert nestleiar i Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda, ein av fem valte representantar som utfører den dagleg drifta av Studentparlamentet.

Studentparlamentet skal her velje ein nestleiar for kommande periode blant dei 4 valde representantane i AU (fagansvarleg, informasjonsansvarleg, internasjonalt ansvarleg og velferdsansvarleg).

Kvar av dei fire representantane får 2 min taletid til å presentere seg sjølv. Når alle som har stilt har presentert seg, opnar vi for spørsmål til gruppa og kvar enkelt kandidat. Etter dette går vi til urneval gjennom Google survey, som vert sendt på epost til dei i Studentparlamentet som har stemmerett.

Vi ber om at dei som ønskjer å stille, melder seg.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein Nestleiar til studentparlamentet ved Høgskulen i Volda for perioden 01.05.2021-31.05.2022

### Bakgrunn:

For at denne saka skal verte behandla, må endringsforslag 17 i vedtektsendrings-saka først verte stemt gjennom. Vist dette ikkje skjer, fell denne saka bort, og vervet vil verte vald internt i AU slik det vert gjort etter gjeldande vedtekter.

Arbeidsutvalet 20/21 har det siste året vore i dialog med Høgskulen i Volda om å auke arbeidskapasiteten i AU. Dette har resultert i at nestleiar vert auka til ei stilling med ei 20 %, tilsvarande korleis ein i dag gjer det med leiar, som har 50 %. Grunna at dette no vert eit løna verv og ikkje berre ekstra ansvar, har AU og HVO kome til einigheit om at dette bør vere eit formelt val, gjennomført av Parlamentet. Dette gjer ein for at det skal vere eit rettferdig val og ikkje verte ei intern kampsak i AU.

Grunnen til at vi ønskjer å gjere valet på denne måten er fordi ein vil bevare val rutine og arbeidsinstruksane til AU slik dei er per dags dato. Vi i AU tenkjer at det først å fremst er viktig å velje inn engasjerte studentar, som i tillegg til sine originale interesse områder, tek på seg meir ansvar i tillegg til desse oppgåvene.

## Sak 75 – 20/21: Val av 2. og 3. vara til styret i SiVolda

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Paloma

Studentparlamentet gjennomførte val til styret i SiVolda på mars-møtet, der dei faste plassane i styret, samt 1. vara vart vald. AU ynskjer å få fyllt opp dei øvrige varaplassane til styret i SiVolda for komande studieår.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får høve til å presentere seg og halde eit innlegg/valtale.

### Forslag til vedtak

Studentparlamentet vel ein 2. vara og ein 3. vara til styret i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) for studieåret 2021-2021.

Valet blir gjennomført ved urneval.

### Bakgrunn

Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) blir driven av og for studentane. SiVolda tilbyr eit breitt spekter av velferdstilbod, og skal vere eit supplement til offentlege tenester spesielt retta inn mot studentane i Volda. SiVolda tilbyr velferdstenester innanfor blant anna helse, kantinedrift, Studenthuset Rokken, rådgjevingsteneste, studentbustadar, treningstilbod, sosiale tiltak med meir. SiVolda har som mål å ha gode og attraktive velferdstilbod som skal sikre ei spanande og meningsfull studietid i Volda.

Alt av overskot frå SiVolda sitt virke går tilbake til å sikre og vidareutvikle velferdstilbodet for studentane i Volda.

Styret i SiVolda er sett saman av tre studentar, eit medlem vald av dei tilsette ved SiVolda, og eit medlem vald av HVO. Studentane har dermed fleirtal i styret. Å vere medlem i styret i SiVolda er eit honorert verv, og du får opplæring. Det er eit viktig verv, og Studentparlamentet forventar at den einskilde student tek vervet på alvor. Ein kan forvente om lag 6 møter i løpet av studieåret, i tillegg til opplæring.

Som medlem i styret i SiVolda, er du med på å vedta planar og føringar for SiVolda, og gjere vedtak knytt til den økonomiske drifta og investeringar framover. Du får moglegheita til å kome med idear til handlingsplanar og tiltak. Du får erfaring med å sitje i styret i ei bedrift, får innsikt i korleis samskipnaden blir leia, og korleis studentsamskipnadane samarbeidar nasjonalt. Styreleiar blir valt internt i styret, og ofte er det ein av studentane som blir valt til dette.

Utviklinga av samskipnaden har stor betydning for alle studentane i Volda. Administrerande direktør, Jan Henning Egset, har ansvaret for den daglege drifta i samskipnaden. Han orienterte også om vervet på møte i Studentparlamentet, 24.02.21.

På møtet 24.03. vart desse valde inn i styret:

Faste styremedlemmar:

- 1.) Irmelin Angell Losvik
- 2.) Ida Saxebøl Moum
- 3.) Daria Jermacane

Varaer:

1. vara: Andre Kjerpeseth Svarstad
- 2.
- 3.

Det ligg meir info på nettsidene til SiVolda: <https://www.sivolda.no/om-sivolda/category894.html>

## **Sak 76 – 20/21: Eventuelt**

Type sak:

Sakshandsamar:

---

Møteevaluering etter formell møteslutt